

---

# Opning av grunnskule veke 20

---

## Til føresette

Vi gler oss til å sjå alle elevane i Sogndalsskulen i løpet av neste veke. Grunnskulane i Sogndal er svært ulike. Så sjølv om det er bestemt at skulane opnar i veke 20 vil det bli litt ulik oppstart på dei ulike skulane. Føresette vert informert direkte frå den einskilde skule om det praktiske. Dette informasjonsskrivet er for å gje litt samla informasjon. Vi skal gjere det vi kan for at dette skal gå fint, sjølv om ting ikkje er heilt tilbake i normale forhold. Nasjonale myndigheter er tydelege på at det er trygt for barn å kome tilbake til skulen. Skulane i Sogndal følgjer dei nasjonale retningslinjene i høve smittevern, og ut i frå det legg så god grunnlag som mogleg for eit godt og trygt skolemiljø. For at vi skal få dette til på ein god måte er det viktig at vi følgjer reglar og prosedyrar for oppstart. Det er tre hovudlinjer vi skal jobbe etter:

1. Sjuke personar skal ikkje vere på skulen
2. God hygiene
3. Redusert kontakt mellom personar

Utdanningsdirektoratet har laga eit informasjonsskriv over forhold det er viktig å tenkje på ved oppstart. Vi ber dykk lese denne og innrette dykk etter den så godt som mogleg. Den finn de [her](#).

Det er også av Folkehelseinstituttet og Utdanningsdirektoratet utarbeida to [Rettleiarar om smittevern for skule \(barnetrinn og ungdomstrinn\) under covid-19 utbrotet 2020](#).

Denne rettleiaren har alle tilsette på skulane sett seg inn i før borna kjem. Den gir råd og støtte til skulane i drift under koronavirusutbrotet. Dette informasjonsskrivet går ut med fellesinformasjon til føresette i Sogndal kommune, kvar skule vil i tillegg gje særskild informasjon. Råda er rettleiande, og i rettleiarane er det opna for at vi i nokre tilfelle kan ha litt større grupper. Der vi vurderer det som forsvarleg og naudsynt vil dette skje.

## Reglar for undervisning av eigne barn

Vi veit at nokre av dykk er usikre på om det er trygt og rett å sende barna dykkar på skulen. Som nemnt tidlegare i dette skrivet har nasjonale myndigheter slegge fast at det er trygt for barn å gå i skule. Vi vil gjere det vi kan for å sikre at dette også gjeld for skulane i Sogndal. Hovudregelen er at alle barn og unge som oppheld seg i Norge har rett og plikt til grunnskuleopplæring.

Regelverket gjer det mogleg for føresette å ta barna ut av skulen og undervise eigne barn heime. Det er dei føresette som då har ansvaret for å gje barna opplæring, tilsvarande opplæringa i skulen. Viss føresette vel heimeundervisning, er det viktig at de er klar over at barnet ikkje lenger er ein del av den offentlege grunnskuleopplæringa, og at dei vert fråtekne ein del rettar etter opplæringslova. Blant anna har barnet ikkje rett til spesialundervisning (eller standpunktakaraterar for høgare klassetrinn).

Utdanningsdirektoratet understrekar at det beste for barna er å gå på skulen, så lenge dei eller familien ikkje er i ei risikogruppe for å få alvorleg sjukdom av koronaviruset. For barn som ikkje er i risikogruppa, er det trygt å gå på skulen. Sjå rettleiaren synt til over forutdjuping av kva barn som ikkje bør møte på skulen. Sogndal kommune stiller seg bak Utdanningsdirektoratet sine vurderingar, og oppmodar alle som kan om å sende barna sine på skulen.

Viss føresette likevel vel å halde barna heime, kan de ikkje forvente at skulen lagar eigne opplegg for elevane. Foreldre som vel å ikkje sende barna på skulen, må sjølv ivareta opplæringsplikta.

### **Skuleskyss**

Viss elevane tek skulebuss må de hugse å halde god avstand, både mens de ventar på bussen og i bussen. Det same gjeld viss elevane tek båt eller annan transport til skulen. Ein bør ikkje bruke skuleskyss og offentleg transport viss det er mogleg å unngå. Ved bruk av skuleskyss, bør elevane sitje med minst eit sete mellomrom. For eksempel kan det på ein buss med 4 sitjeplasser per rad, sitje to barn per rad med alternerande vindauge/midtgang.

### **Viss barnet ikkje kjenner seg bra**

Har barnet ditt symptom på sjukdom, også milde symptom og har sjukdomskjensle, skal dei ikkje kome på skulen. Det er ekstra viktig no at borna er heime i minst eitt døgn etter at dei har blitt symptomfrie. Foreldre som har luftvegssymptom, skal ikkje følgje eller hente born på skulen. Har foreldre eller nokon andre i husstanden fått påvist sjukdom med koronavirus, skal de heller ikkje kome på skulen. Viss barnet blir därleg på skulen, må de hente barnet så fort det let seg gjere.

*Velkommen tilbake til oss. Med godt samarbeid får vi til det meste!  
Viss de har spørsmål, ta kontakt med skulen dykkar!*